


35 prosent Høgrerøyster i Uskedalen

10.09.2013



Valet i Uskedalen grafisk presentert og samanlikna med valet for 4 år sidan. Klikk på illustrasjonen!

Høgre noterte seg for ein enda større siger i Uskedalen enn i Kvinnherad som heilheit: Her i bygda fekk partiet 34,5 prosent og 135 røyster medan det oppnådde 19,1 for 4 år sidan, Det var ein framgang på 15,8 prosent.

I heile kommunen fekk partiet 31,2 med like stor prosentvis framgang som i Uskedalen

Dei andre partia kan gjera opp denne statusen her i bygda:

* Arbeidarpartiet 92 røyster og 23,8 prosent mot sist 27,3 prosent, ned 3,5 prosent. I kommunen 21,6 prosent, ned 5,9 prosent.

* Framstegspartiet 49 røyster og 12,7 prosent mot sist 27,3 prosent, ned 14,6 prosent.

* Senterpartiet 51 røyster og 13,2 prosent mot sist 7,9 prosent, fram 5,3 prosent

* Kristeleg Folkeparti 39 røyster og 10,1 prosent mot sist 8,4 prosent, fram 1,7 prosent.

* Venstre 10 røyster og 2,6 prosent mot sist 5,5 prosent, ned 2,9 prosent.

* Sosialistisk Venstreparti 6 røyster og 1,6 prosent mot sist 1,7 prosent, ned 0,1 prosent.

* Miljøpartiet de grønne 3 røyster og 0,8 prosent mot sist 0,2 prosent, fram 0,6 prosent

* Raudt 1 røyst og 0,3 prosent mot sist 1 prosent, ned 0,7 prosent.

I Bringedalsbygda har Framstegspartiet som sist var heilt oppe i 42,2 hatt ein dramatisk tilbakegang - med 20,7 prosent til 21,5. Høgre har gått fram frå 14,7 til 32,3 og er no det største partiet også der. Arbeidarpartiet har halde stillingen og auka frå 20,2 til 24,2. prosent.

Som eit kuriosum kan nemnast at Piratpartiet har fått ei røyst i Bringedalsbygda.

Av Ola Matti Mathisen